



SJUR HAGA BRINGELAND
sjurhb@aol.com

KLASSISK MUSIKK




La Stagione Frankfurt, eit tysk orkester som likar å utforska ukjent repertoar.
Foto: La Stagione Frankfurt

Symfonikar frå Genève

Sveitsisk klassisisme er det oss ikkje ofte forunnt å høyra.

CD

GASPARD FRITZ:



Sinfonias

LA STAGIONE
FRANKFURT.
DIR.:

MICHAEL SCHNEIDER. CPO 2013

Til glede for alle oss som elsker å gå opp turrlagde elvefar i musikkhistoria, gjev det oppdagingsivrige plateselskapet CPO oss på det nye albumet sitt smakebetar av det Genève-buen Gaspard Fritz (1716–1783) fekk til på symfonifronten. Og det var ikkje lite – den reiseføre fiolinvirtuosens hausta i si tid lovord frå internasjonale kapasitetar som

Voltaire og Händel. Ikkje utan grunn: Instrumenteringa er rik på avveksling, han veit å nytta instrumenta idiomatisk og er ikkje redd for å leika med forventningane til lyttaren.

Stilistisk spanner Fritz vidt. Dei to symfoniane frå op. 1 er mest tradisjonelle, som italienske Vivaldi-avtrykk. Men dei tre frå op. 6 er med dei syngjelege felemelodiane sine over trottig trommande basstrykarar langt meir galante, slik me kjenner dei frå Bach-sønene. Og høyrer me ikkje tendensar til både Haydn og Mozart i *Synfoni op. 6. nr. 6*? Dette er spanande musikk, og sjølv om klangen til strykarane i orkestret La Stagione Frankfurt stundom kling litt metallisk og hard, er albumet absolutt å tilrå.

Standardinnspelinga:

Sublim sørgjemusikk

I rekviemet sitt syner Cherubini at han har kontroll over alle dei klassiske kunstgrepa.

CD



LUIGI
CHERUBINI:
**Requiem
in c**

KAMMERCHOR

STUTTGART, HOFKAPELLE STUTTGART, DIR.: FRIEDER BERNIUS.
CARUS VERLAG 2010

Jamføring: Corydon Singers/Best (Hyperion 1996)

Schumann og Brahms elska han, Beethoven ovundra han som den største komponisten i si tid og ordna jamvel med å få oppført rekviemet ved si eiga jordfesting. Napoleon var mindre oppglødd, han såg på han som ein ganske ordinær leivning frå 1700-talet.

Napoleons vanvyrndad for komponisten Luigi Cherubini har vist seg å vera framsynt: I dag blir verka hans sjeldan framførde, og om dei blir spela, er det oftast av orkester i den «musikalske adcoligaen» som ikkje yter rettferd til musikk. Heldigvis er hoffkapellet og kammerkoret i Stuttgart dugande utøvarar, og på denne CD-en gjev dei oss ei lytelaus tolking av Cherubini's *Requiem en Do mineur*, ei sørgjemesse skriven i det nyrestaurerte franske kongedømet i 1816 til minne om avrettinga av Ludvig XVI.

DEMPANDE DUK

Cherubini's musikalske meisterskap blir me vare alt i dei fyrste taktene, ein audmjukt søkjande melodi for unisone celloar og fagottar. Denne *introitus*-sat-

sen er mørk og duld i leten, for komponisten har gjeve avkall på alle høge instrument. På fiolinane og, det lysaste av strykeinstrumenta, og paukane har fått ein dempande duk over seg. På denne duse bakgrunnen slår den logande *dies irae* – «vreidedagen» – mot oss så me blir spake i beina, med svulmande trompetar og eit buldrande slag frå tamtam-tromma, ei svær metallplate som perkusjonisten i orkestret hamrar laus på med all si kraft.

VELDIG KLANGTEPPE

Cherubini var ein lærd musikal, ein erketyrisk klassisist som

konsentrerer seg om det vesentlege i den klanglege arkitekturen. Han gjev difor avkall på overflatisk fjas og effektmakeri i kyrkjemusikken. Det høyrer me i den grannsam utarbeidde dobbelfugen i *Offertorium*-satsen over orda «quam olim Abraham promissisti et semini eius» – «slik du eingong lova Abraham og etterslekta hans», der to kontrasterande tema blir vovne saman i eit veldig klangteppe. Mozart, syn om du kan gjera det betre!

SJUR HAGA BRINGELAND


Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmeldar for Dag og Tid.



Med Legion d'Honneur-medalje på bringa: den italienske komponisten Luigi Cherubini (1760–1842) som gjorde franskmann av seg.

Konsistent om Verdi

BOK



ANSELM
GERHARD:
**Giuseppe
Verdi**

VERLAG
C.H. BECK,

MÜNCHEN 2013


Du finn han på programma til kvart skikkeleg operahus i år: Tohundreårsjubilanten

Giuseppe Verdi er den desidert mest spela operakomponisten i vår tid – ved sida av Wagner, som òg fyller to hundre. Kva er oddsen for det? At to så ulike og så tonegevande åndshovdingar blir fødte i same året? Det låg i lufta, meiner den sveitsiske musikkprofessoren Anselm Gerhard, ein sann koryfè i Verdi-forskninga, som i denne vesle og lettlesne biografien skildrar den historisk-politiske bakgrunnen for den italienske komponisten og dei 26 operaene hans.

Suveren sopranrøyst

Endå eit innbydande album av smakfullt repertoar frå Det Norske Solistkor.

CD



VALEN, BERG,
MESSIAEN,
WEBERN:
Refractions

BERIT NORBAKKEN SOLSET, SOPRAN; DET NORSKE SOLISTKOR,
DIR.: GRETE PEDERSEN. BIS 2013

Den suverene sopranrøysta til Berit Norbakken Solset frå Troms opnar eit album som utforskar det klanglege landskapet mellom seinromantik-



Grete Pedersen dirigerer Det Norske Solistkor. Foto: Det Norske Solistkor

kens og høgekspresjonismens kormusikk. I Fartein Valens (1887–1952) *Ave Maria*, op. 4, for sopransolist og orkester, eit rett tidleg verk med ettersmak av Mahlers bylgjande orkesterklanger, er røysta til Sol-

set søt og mild som smeltande sjokolade. Vibratoen brukar ho som ornament – han skiplar aldri intonasjonen – og dei skjønnelege konsonantane hevdar seg godt mot orkestret. Eit anna høgdepunkt er Anton Weberns (1883–1945) op. 2: *Entflieht auf leichten Kähnen* er eit døme på korleis dei som braut med tonaliteten sjølve søkte formmessige førebilete i vokalmusikken til renessansemeistrane. Dette er lærd musikk, men med Solistkorets tekniske lyteløse kling det heile tida naturleg og utan uturvande friksjon.